



Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Dato: 06.05.2014
Vår ref.: 2014/13977-8
Saksbehandlar: pernord1
Dykkar ref.:

Fråsegn til oppstart og planprogram for arealdelen til kommuneplanen - Kvinnherad kommune

Vi viser til brev datert 19.03.2014 om oppstart og planprogram for rullering av arealdelen av kommuneplanen. Hovudføremålet med rulleringa er å få ein oppdatert, saumlaus arealdel for heile kommunen. Rulleringa er omtala som i hovudsak ei teknisk rullering, men det er aktuelt å ta inn nye element som er samfunnsmessig viktige, og det skal vurderast å fjerne arealelement som ikkje er aktuelle og gamle reguleringsplanar som ikkje stettar krava i dag.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Planfaglege innspel

Vi ser rulleringa som eit godt tiltak som vil gjera planen til eit betre verktøy i utviklinga av kommunen, gjera situasjonen meir førseieleg og forenkla sakshandsaminga. At kommunen rullerer både samfunnsdelen og arealdelen parallelt legg til rette for ei god heilskapleg planlegging.

Vi har forståing for at kommunen ønskjer å gjennomføra ein effektiv planprosess, men vil peika på at for større delar av kommunen er gjeldande kommuneplan meir enn 10 år gamal. Ei vurdering for å fjerne uaktuelle arealbruksføremål i gjeldande plan og eldre ueigna reguleringsplanar ser vi som eit godt tiltak.

For å sikra ein objektiv og god planprosess vil det vera ein fordel om planprogrammet gir klårt uttrykk for kva kriteria innspel vi bli vurdert ut ifrå. Til dømes vil vi tilrå at nye utbyggingsområde står opp om vedtatt senterstruktur og utnyttar eksisterande infrastruktur. Fortetting vil bidra til å minska transportbehov og redusera klimagassutslepp. Trygg skuleveg vil vera viktig for ei framtidssikta utbygging.

Klima og energi

Samfunnsutviklinga med lokalisering og arealbruk bør leggja vekt på klimaverknader. Regional klima- og miljøplan for Hordaland 2014 – 2030 må leggjast til grunn for planarbeidet.

Strandsone/Landskap

Det er under utarbeidning regional strandsoneplan for Sunnhordland. Kommuneplanen bør samsvara med den regionale planen når det gjeld strandsoneforvalting. Det er gjennomført vurdering av landskapsverdiar i Hordaland, sjå kart.ives.no, og to område i Kvinnherad skil seg ut som svært verdifulle; Sundal og Rosendal. Vi tilrår at kommunen vurderer å nytte omsynssone for å sikra desse verdiane.

Kulturminne

Planen må i tilstrekkeleg grad sikra verna og viktige kulturminne. Omsynssoner bør nyttast for å sikra ei god forvalting av viktige kulturmiljø som Rosendal med Baroniet og Sunde som eit kulturmiljø utvikla basert på fiskeribasert hermetikkindustri.

Næringsutvikling

Regional næringsplan for Hordaland 2013 – 2017 «Næring til fortrinn» må leggjast til grunn for planarbeidet. Den regionale planen har tre strategiar: - Meir entreprenørskap og innovasjon, - Fleire med meir relevant kompetanse, - Ein velfungerande Bergensregion og attraktive regionale senter.

Akvakulturnæringa har trong for oppdatering og endring av kommuneplanen, dette bør inngå i revisjonen.

Friluftsliv/folkehelse

Friluftsliv er nært knytt til folkehelse. Vi viser til registrering av regional friluftsområde. Det er aktuelt å supplera desse med lokalt viktige friluftsområde. Kommunen bør vurdere om det er aktuelt å nytte omsynssone for å sikre desse verdiane.

Senterutvikling

Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel som vert sendt på høyring ca 1. juni foreslår Husnes som regionsenter. Det er positivt at den kommunale planstrategien legg opp til ein kommunedelplan for Husnes – Sunde området. Arealplanen må byggja på ein fastlagt senterstruktur. I tillegg til regionsenter og kommunesenter kan det vera aktuelt med lokalsenter og nærsenter. Sjå regional plan. Regional plan har som mål å leggja til rette for handel i senter. Revisjonen bør omhandle tema handel og vurdere trong for handelsareal i ulike senter. Utstrekning av sentrumsområde i dei ulike sentera bør avgrensast i planen.

Sentera bør ha ei god funksjonsblanding og det er viktig at det vert lagt til rette for lokalisering av offentlege funksjonar. Arealplanen bør vurdere trøgen for areal til offentlege formål.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på at å innarbeida mål og retningsliner m.m. frå regionale planar i kommuneplanen, og at dette vert synleggjort i planprogrammet. Vi peikar på ønske om ei heilheitleg planlegging av området Husnes, Sunde, Valen med Husnes som regionsenter. Kommunen må sikra viktige landskaps- og kulturverdiar og vi tilrår bruk av omsynssoner. Klimaverknader må tilliggjast vekt.

Vi ønskjer lukke til med arbeidet og deltek gjerne i vidare samarbeid.

Marit Rødseth
plansjef

Per Nordmark
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Sakshandsamar:

Per Nordmark, planseksjonen - REGIONALAVDELINGA